

LIS MØLMESDAL LARSEN
IEVEGEN 187
5917 ROSSLAND

Dato	24.02.2022
Vår referanse	2022/11129-4
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Dispensasjon frå byggegrense - ny bygning - fv. 5316 Ievegen - gnr. 349 bnr. 13 - Alver kommune

Vi viser til søknad datert 17.02.2022.

Saka gjeld

Det er søkt om dispensasjon frå byggegrensa for å oppføre nytt reiskapshus/driftsbygning.

Vedtak

Med heimel i veglova [§ 30](#) og [§ 34](#) gir vi dispensasjon frå byggegrensa mot fylkesveg 5316 Ievegen for å etablere driftsbygning på gnr. 349 bnr. 13 i Alver kommune.

Vilkår for dispensasjonen

1. Tiltaket skal vera i samsvar med situasjonsplan, datert 27.01.2022.
2. Avstanden frå bygninga (inkludert takutspring) til senterlina på Ievegen skal vera minst 37 meter.
3. Dersom tiltaket vil føra til endringar i samband med tilkomstilhøva for eigedomen, må det framleis vera opparbeidd tilstrekkeleg areal til å kunne snu på eigedomen for å unngå rygging på offentleg veg. Siktkrav til eigedomen si avkøyrslø må følgjast.
4. Bygninga må ikkje brukast til andre føremål enn det dispensasjonen gjeld.
5. Det kan ikkje krevjast erstatning for skadar og ulemper som følgje av at bygninga/innretninga ligg nær fylkesveg 5316.
6. Arbeidet må vera starta opp innan tre - 3 - år frå dispensasjonen er gitt, om ikkje fell dispensasjonen bort.

Bakgrunn for vedtaket

Byggegrensene skal ta vare på trafikktryggleik, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet på eigedomane langs vegen.

Fartsgrensa på staden er 60 km/t og ÅDT (årsdøgntrafikk) er 300. Fylkesvegen er klassifisert som haldningsklasse «lite streng» jf. Rammepplan 2021-2024.

Driftsbygninga vil ikkje komme nærare vegen enn eksisterande bustad, og vil ikkje komme i konflikt med siktliner eller bruk av fylkesvegen. Vi vurderer det difor slik at vi kan gje løyve til tiltaket.

Rett til å klage

Ein kan klage på vedtaket, jf. forvaltningslova [§ 28](#). Informasjon om å sette fram klage, går fram av skjemaet «[Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak](#)». Fristen for å klage er tre veker frå vedtaket vart motteke. Klageinstansen er Klagenemnda for Vestland fylkeskommune. Send klagen til Vestland fylkeskommune, post@vlfk.no eller Postboks 7900, 5020 BERGEN. Klagen vil bli sendt vidare til klageinstansen.

Du har rett til å gjere deg kjent med saka sine dokument, jf. forvaltningslova [§ 18](#).

Med helsing

Kari Elster Moen

senioringeniør

INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes

rådgjevar

INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

1 situasjonsplan_520_-_Situasjonsplan.pdf